

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDALDato: 20.12.2017
Vår ref.: 2017/16938-2
Saksbehandlar: Iarbirik
Dykkar ref.:

Att. Bente Høyland

Særutskrift - gnr 1 bnr 19 - Reidskapshus og kai - Ølve - Kvinnherad kommune _ Fråsegn om kulturminne

Viser til brev datert 13.11.2017 med søknad om dispensasjon frå KP om oppføring av reidskapshus og kai på Nordøya gnr. 1, bnr. 19 i Kvinnherad kommune. Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

I telefonsamtale 20.12.2017 med Dykkar Torill Slåke gjorde me Kvinnherad kommune merksam på at innhaldet i dette brevet ved ein inkurie vart sendt til kommunen som svar på ein søknad datert 23.11.2017 om dispensasjon frå KP i ei sak på naboøya Terøya gnr. 2, bnr. 1, (vår ref. 2017/17177). Det vil bli retta opp med ny fråsegn i saka som angår Terøya.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne, men vi vil gjera Dykk merksam på at det har vore kjent fleire slike på øya i nordlege del, Askeladden id. 172336 (moglege graver) og Askeladden id. 172343 (lausfunn) utan at det er spesifisert serleg nøyaktig kvar desse har lege.

Legg ved opplysingane frå B. E. Bendixen frå Per Fett sin serie «Førhistoriske minne i Sunnhordland»:

I fylgje Bendixen skal det på ei flate, eller ein jevn skråning, ha lege fleire mindre haugar av sand og småstein nord på Nordøya. I nokre av desse var det grave og i ein av dei vart funne ein bolle av kleberstein. Denne vart diverre øydelagd men deler av karet vart levert Bergens Museum (truleg lik Rygh fig. 378). Bendixen meiner at det kan dreia seg om meir enn eitt kar. På to av haugane stod det tilhogne steinar, ca. 60-70 cm høge. Likevel stiller Bendixen seg tvilande til om det har vore gravminne. Det kan ha samband med at det lengre ned mot sjøen, rett under jordoverflata, vart funne to trekister med delvis oppløyste lik, noko han meiner skal skriva seg frå at øya har vore nytta som rettarstad.

Vi ber om at søkjar utfører arbeidet skånsamt og søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av planen må Hordaland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltningsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Då saka også omfattar areal i sjø har den vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner til at det tidligere var handelsstad for blant anna skottehandel med tømmer og gjestgjeveri på Terøy. Handelsstaden blei nemnd som eldgammal allereie i ei kjelde frå 1739. Museet har tidligare utført feltarbeid i vika nord for tiltaksområde og kjenner til i overkant av ti ballastrøysar der. Det omsøkte tiltaket vil ikkje, så langt me kan sjå det, skade nokre av ballastrøysene. Skal tiltaket utførast er det difor viktig at det skjer innanfor det område som er skissert i dei vedlagte bilda, og at ein helst unngår å legge moringar på eventuelle røysar som ligg djupare.

Tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Lars Øyvind Birkenes
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.